Kultur- og likestillingsdepartementets nynorskpris for journalistar

Årsrapport 2026



Journalist Sigrid Agnethe Hansen i NRK Troms fekk Kultur- og likestillingsdepartementet sin nynorskpris for journalistar i 2026.

«Hansen skriv engasjerande og spenstig på eit godt nynorsk som flyt lett og kling sterkt. Det er eit godt nyhendespråk. Sigrid Agnethe Hansen er både nynorsk og nordnorsk. Kombinasjonen er framifrå», heiter det i grunngjevinga frå juryen.

Nynorskprisen vart delt ut under Dei nynorske festspela i Ørsta 12. juni 2026. Prisen er på 75.000 kroner og eit kunstverk.

Sigrid Agnethe Hansen fekk nynorskprisen for journalistar:

— Dette er verkeleg den største æra eg kunne fått

Sigrid Agnethe Hansen tok til tårene då ho fekk vite at ho er årets vinnar av Kultur- og likestillingsdepartementets nynorskpris for journalistar.



- Dette er verkeleg den største æra eg kunne ha fått. Eg blei så utruleg overraska og glad. Det er kanskje første gong nynorsken har fått meg til å grine, seier prisvinnaren.

Ho ante ingenting då juryleiar Jens Kihl plutseleg dukka opp på skjermen under eit morgonmøte i nyheitsredaksjonen i NRK Troms. Men det var ikkje til å ta feil av:

Sigrid Agnethe Hansen er vinnar av nynorskprisen for journalistar 2026. Då kom tårene.

- Det er utruleg stort for meg. Å skrive er det aller beste eg veit, så det betyr mykje å vite at det faktisk blir lagt merke til i det store mylderet av journalistikk, seier ho.

Juryen trekkjer fram at Hansen oppmuntrar til meir nynorsk og hjelper dei som vil prøve seg i redaksjonen. Slik opnar ho døra til journalistikk på nynorsk for fleire. Juryen meiner det trengst, ikkje minst i Nord-Noreg, og at det gjer prisvinnaren til ei viktig nynorskstemme.

- Som nynorskbrukar i Troms, har eg følt meg nokså einsam. Men eg har utruleg mykje god hjelp av kollegaer som også har nynorsk som arbeidsspråk, seier Hansen.

Ho legg til:

- Når folk spør meg om kvifor eg skriv nynorsk, illustrerer eg det med eit trøorgel og eit flygel. For meg er bokmål trøorgelet, nynorsk er flygelet. Melodien, flyten og måten det kjem til meg på er som musikk nesten kvar gong. Og eg er utruleg stolt og glad for at juryen har lagt merke til kjærleiken eg har til språket. Distriktsredaktør Håkon Grønbech er blant mange som har lagt merke til Hansen sitt språk.

- Sigrid er ein svært viktig nynorskambassadør for redaksjonen vår, og ein journalist som utmerkjer seg med ein strålande penn og godt språk. All ære til ho. Dette er ein gledens dag for alle oss i NRK Troms, seier han.

Kultur- og likestillingsdepartementets nynorskpris for journalistar har vore delt ut sidan 2006. Blant prisvinnarane er Linda Eide, Ronny Brede Aase, Arill Riise og Ingvild Bryn. I fjor gjekk prisen til Olav Johannes Bøthun og Tor Folgerø i avisa Hallingdølen. Årets prisvinnar er den første frå eit distriktskontor i NRK.

- Eg vil skryte av NRK, som gjer eit godt arbeid med å innføre omsetjing og nynorskhjelp til alle tekstar som blir skrive. Samstundes kan eg forstå at mange har eit nært forhold til målforma dei har valt, og at det er underleg å sjå sine eigne ord i ny orddrakt. I slike stunder er eg glad eg valde meg nynorsken, seier Hansen.

I grunngjevinga frå juryen heiter det:

«Hansen skriv engasjerande og spenstig på eit godt nynorsk som flyt lett og kling sterkt. Språkføringa er aktiv og munnleg utan å bli pludrete eller lettvint. Det er eit godt nyhendespråk. Journalisten Sigrid Agnethe Hansen er både nynorsk og nordnorsk. Kombinasjonen er framifrå».

Kort om prisvinnaren

Sigrid Agnethe Hansen (fødd 1989) er journalist og forfattar frå Harstad. Ho jobbar som programleiar og produsent i NRK Troms.



Hansen tok ein bachelor i litteraturvitskap og fransk ved Universitetet i Oslo, før ho flytta til Tromsø og tok ein mastergrad i samfunnsplanlegging og kulturforståing i 2014. Ho var seinare nynorskpraktikant ved NRK Nynorsk mediesenter i Førde. Ho fekk først vikariat og deretter fast jobb i NRK Troms i 2016, og var mellom anna programleiar i aktualitetprogrammet Helgemorgen på P2 og NRK1. Frå 2021 til 2024 jobba ho som innhaldsprodusent i Sparebank1 Nord-Norge, før ho tok til som journalist i iTromsø. I 2025 returnerte Hansen til NRK Troms som journalist.

Sigrid Agnethe Hansen debuterte som forfattar med ungdomsromanen “Ser du dette” på Samlaget i 2020. Ho har seinare skrive fleire bøker, og ho fekk Blixprisen i 2023

Kultur- og likestillingsdepartementet sin nynorskpris for journalistar blir delt ut til ein dyktig journalist som har utmerkt seg med bruk av levande og god nynorsk i norske medium, og som gjennom arbeidet sitt har gjeve nynorsken status og innpass på nye område.

Grunngjevinga frå juryen

Det står i statuttane at Kultur- og likestillingsdepartementet sin nynorskpris for journalistar skal ære ein journalist som sjølv er dyktig og som er eit føredøme for andre. Vidare bør arbeidet til journalisten gje nynorsken status og innpass på nye område. Årets vinnar innfrir til fulle på alle desse områda.

Sigrid Agnethe Hansen (f. 1989) er frå Harstad og er utdanna ved UiT Norges arktiske universitet i Tromsø og ved NRK Nynorsk mediesenter i Førde. Ho har arbeidd som journalist i NRK og i iTromsø. Utanom journalistikken har ho mellom anna skrive to ungdomsbøker.

Journalisten Hansen er uredd. Store, krevjande tema får eit tydeleg og forståeleg språk. Aller best er ho kanskje når sakene handlar om folk, anten det er menneske på flukt eller meir kvardagslege tema. Ho verkar nyfiken på menneska ikring seg og kva som driv dei, og det får publikum nyte godt av gjennom journalistikken hennar.

Kommentatoren Hansen har vist seg som ein ordkunstnar med sterke skildringar og slåande bilete. Her får det kreative språket fritt spelerom, og ho er ikkje redd for å vere personleg i tekstane. Ein av dei som nominerte Hansen til prisen, meinte det var ein fryd å lese nynorsk i lokalavisa så langt nord. Det tener iTromsø til ære at dei opna for dette då Hansen spurde.

Kollegaen Hansen er populær i arbeidsmiljøet. Ho er ei som gjerne oppmuntrar til meir nynorsk der ho er, og som stør dei som vil prøve seg. Slik opnar ho døra til journalistikk på nynorsk for fleire. Det trengst, ikkje minst i Nord-Noreg, og det gjer Hansen til ei endå viktigare nynorskstemme. I tillegg løftar ho stolt fram sin samiske bakgrunn.

Hansen skriv engasjerande og spenstig på eit godt nynorsk som flyt lett og kling sterkt. Språkføringa er aktiv og munnleg utan å bli pludrete eller lettvint. Det er eit godt nyhendespråk.

Ho brukar verknadsfull allitterasjon, talande språkbilete og korthogde setningar, som når ho skriv om svigermora si i ein artikkel om samisk språk og liv: “Ho kjempa mot bygdedyr og byråkrati for å få på plass grunnleggjande rettar for barn i barnehage og barneskule. Ho ga seg ikkje, bøygde ikkje av, slutta ikkje sjølv om det var vanskeleg. Lokomotivet i ho ga ho vidare til ungane sine.”

Journalisten Sigrid Agnethe Hansen er både nynorsk og nordnorsk. Kombinasjonen er framifrå. Vi gratulerer.

Juryen for nynorskprisen, mai 2026

Jens Kihl (leiar), Unn Røyneland og Arill Riise

Takketale frå Sigrid Agnethe Hansen

Det første ordet eg lærte meg på nynorsk, var «nepe». Det var det vikarlæraren Kari som lærte meg. Ho Kari var frå Vestlandet, hadde tydeleg diksjon og skarring som var ny i mine øyre og eg, som da var 8-9 år, hadde aldri høyrd det ordet før. Teikninga i boka måtte uansett vere av ein kålrabi, som vi kalla det i Harstad. No, nesten 30 år seinare, har eg framleis aldri sett ei nepe, men eg veit at nepe er eit ord på begge målformene.



SAMTALE: Sigrid Agnethe Hansen (midten) i samtale med jurymedlemmane Unn Røyneland og Jens Kihl under utdelinga av nynorskprisen på Aasentunet. *Foto: Rune Fossum Lillesvangstu, NRK*

Eg spoler nokre år fram og les ein tekst i Dagbladet. Eg er tenåring og heilt enormt fortapt i musikk mykje eldre enn meg sjølv, og i avisa er det ein tekst av Frode Grytten. Det er som at den tar tar rundt hovedpulsåra mi og klemmer fast. Eg fell så pladask for måten å skrive på at eg i fleire år framover trur at eg må skrive som han for å lykkast som nynorskbrukar.

Nokre år seinare blei eg journalist fordi eg skulle gifte meg. Eg var ung og trengte pengane og fekk jobb som tilkallingsvikar i avisa iTromsø medan eg skreiv ferdig masteroppgåva. Det dukka opp ei annonse for Nynorsk mediesenter og dagen før fristen gjekk ut, sa pappa at eg måtte søke. Det sto at ein måtte ha lappen, og som all forskning har prøvd å fortelje oss, tenkte eg som kvinne at det eine punktet eg mangla gjorde meg ukvalifisert. «Berre sei at du har tenkt å ta den», sa pappa, og den kvite løgna fekk meg inn i NRK.

Når eg lukkar auga og høyrer etter kva eg vil seie, kjem orda til meg på nynorsk. Eg bruker å seie at det kjennest ut som at ein parasitt har tatt bustad i meg dei gongane eg skriv bokmål, men eg har og forståing for at det kan høyrast i overkant dramatisk ut. Det er litt vanskeleg å seie heilt sikkert: Kom nynorsken til meg eller valde eg den? Å velje den kan ofte følast som å vere avhalds. Eg må alltid forklare meg. Det ligg ofte eit slags usynleg spørsmål i botn: Korfor kan du ikkje berre gjere som oss andre? Hadde ikkje det vore enklare?

«Å vere nynorskbrukar i nord, langt frå alle andre, er muskelarbeid og styrketrening»

Eg vil seie tusen takk for denne prisen. Den får meg til å føle at eg har motor på sykkelen i dei brattaste bakkane. Eg er så glad og takksam og stolt over at eg får stå her, på Aasentunet, midt i hjartet av nynorskland, og ta han i mot. Takk for at dokker har sett jobben eg gjer og ansvaret eg tar for at folk i Nord-Noreg også skal bli eksponert for nynorsk. Takk til familien min, som lar meg halde på og forsvinne i mi eiga verd, og til sjefane mine i NRK Troms, som sjeldan seier "skal vi tygge litt til på den ideen?". Takk til Magni på Nynorsk mediesenter - som trudde på at eg skulle ta lappen og tok sjansen på ein harstadværing. Egon Holstad i iTromsø skal også ha ein enorm takk for at han hjalp meg med å finne mi kommentatorstemme, som akkurat no stort sett berre får halde på inne i hovudet mitt. Det er ei tid for alt.

Eg sit mykje aleine for meg sjølv og skriv. Det er ein viss fare for at ein blir litt tussate av slikt, og ikkje minst: Tvilen sniker seg inn i kjøttet. Er dette bra nok? Blir det nokon gong bra nok? Den svenske songaren Kjell Höglund syng i songen "Genesarets sjö" noko som for meg har blitt eit motto for arbeidet: "Jag ska göra vad jag kan och lite till/Och sedan får det bli som det vill". Kort sagt: Eg jobbar på og håpar på det beste.

Og no har det beste skjedd! Eg har tolka det sånn at eg får prisen for å ha løfta bruken av nynorsk i Nord-Norge. Men eg vil også seie at denne prisen også har løfta meg. Så får eg håpe at det ikkje er sant, som den svenske poeten UKON seier i sitt dikt, "Tänk om": "Tänk om allt bra redan har hänt".

Tusen takk for denne prisen. Det betyr alt.

Sigrid Agnethe Hansen

Ørsta, fredag 12. juni 2026

Arbeidet med nynorskprisen 2026

Sommaren 2025 oppnemnde Kultur- og likestillingsdepartementet ein ny jury for departementet sin nynorskpris for journalistar. Dei nye jurymedlemmane er:

- Jens Kihl (journalist, leiar for kultur- og samfunnsredaksjonen i Bergens Tidende)
- Arill Riise (journalist, debattleiar og konferansier, tidlegare programleiar i TV 2)
- Unn Røyneland (professor i nordisk språkvitskap og fleirspråklegheit ved Universitetet i Oslo)

I november 2025 hadde juryen sitt første møte i Bergen. Jens Kihl vart vald til leiar.

Det første møtet i arbeidet med nynorskprisen var eit digitalt oppstartsmøte i midten av januar 2026. Her la juryen grunnlaget for det vidare arbeidet, og det vart lagt ein plan for utlysing, marknadsføring og korleis dei skulle jobbe for å bli samde om ein vinnar.

Prisen vart lyst ut gjennom NRK Nynorsk mediesenter sine nettsider på nrk.no. Denne saka vart brukt som landingsside for ein annonsekampanje på medier24.no, i tillegg til at juryen sende direkte oppmodingar til redaktørar, mållag og andre potensielt interesserte. Det kom og nokre nominasjonar via jurymedlem Arill Riise sin profil på Facebook.

Fristen for å komme med forslag til kandidatar var 1. april, og det kom inn totalt 41 nominasjonar fordelt på 28 ulike kandidatar.

Juryen gjennomførte to digitale møte for å komme fram til ein endeleg vinnar.

Juryleiar Jens Kihl overraska prisvinnaren under eit digitalt morgonmøte i NRK Troms. Det vart sendt ut pressemelding til relevante aktørar og medium.

Den høgtidelege utdelinga fann stad fredag 12. juni under Dei nynorske festspela i Ørsta.



JURYEN: Arill Riise (f.v.), Jens Kihl og Unn Røyneland. *Foto: Rune Fossum Lillesvangstu, NRK*

Kvart år blir Kultur- og likestillingsdepartementet sin nynorskpris for journalistar delt ut til ein dyktig journalist som har utmerkt seg med bruk av levande og god nynorsk i norske medium, og som gjennom arbeidet sitt har gjeve nynorsken status og innpass på nye område.

Prisen er på 75.000 kroner og eit kunstverk.

NRK Nynorsk mediesenter ved leiar Rune Fossum Lillesvangstu er sekretariat for juryen. Prisen var Kulturdepartementet si «gåve» til mediesenteret i samband med opninga av NRK Nynorsk mediesenter i 2004.

Nynorskprisen for journalistar har vore delt ut kvart år sidan 2006.

Sjå nettsidene til NRK Nynorsk mediesenter for meir informasjon om arbeidet med nynorskprisen, tidlegare vinnarar og tidlegare årsrapportar.

Tidlegare vinnarar av nynorskprisen for journalistar

2025 Olav Johannes Bøthun og Tor Folgerø
2024 Ingvild Bryn
2023 Øystein Furevik
2022 Roger Sevrin Bruland
2021 Siri Kleiven Strøm og Arill Riise
2020 Eivind Molde
2019 Kjersti Mjør
2018 Harald Thingnes
2017 Jens Kihl og Guri Kulås
2016 Jon Hustad
2015 Jan Zahl
2014 Ingunn Solheim
2013 Christian Wiik Gjerde
2012 Katrine Sele og Hilde Sandvik
2011 Njord V. Svendsen
2010 Astrid Brekken
2009 Ronny Brede Aase
2008 Odd Reidar Solem
2007 Kjell-Erik Kallset
2006 Linda Eide

Førde, oktober 2026
Rune Fossum Lillesvangstu,
sekretær for juryen